


Frå: Tom Dybwad[tojady@hotmail.com]
Sendt: 04.03.2023 20:01:17
Til: Postmottak Sogndal kommune[Postmottak@sogndal.kommune.no]
Kopi: Stig Ove Ølmheim[stigove.olmheim@gmail.com];
Tittel: Innspel plassering av ny barneskule i Sogndal

Til Sogndal kommune

Eg viser til at Sogndal kommune ønskjer innspel om plassering av ny barneskule i Sogndal, jf det opne møtet 15. februar i år, med frist 4. mars for å kome med innspel.

Som forelder som har hatt to barn i skulen i Sogndal meiner eg at Trudvang er den beste plasseringa av den ny barneskulen.

Det kom tydeleg fram i powerpoint at Sogndal kommune til no ikkje har brukt barna sine behov/deira beste som vurderingskriterium. Frå møtet 15.02.




The image is a screenshot of a presentation slide. The title is 'Vurderingskriterium'. The slide lists the following criteria and their percentages:

- Økonomi [40 %]
- Skulen sine behov [30 %]
- Trafikk [10 %]
- Basis- og fleirbrukshall [5 %]
- Klima og berekraft [5 %]
- Stadutvikling [5 %]
- Tomtspesifikke tilhøve [4 %]
- Tid [1 %]

The slide also features a small '#HALLO' logo in the top right corner and a video player interface at the bottom with a red progress bar and various control icons.

På møtet vart det sagt at barna sine behov låg inne i kriteria for skulen sine behov. Det er ikkje spor av det i kva som ligg inne der, som handlar om barn. Frå presentasjonen:



Det er utruleg at kva som er best for barna /deira behov ikkje vart lagt fram som eit vurderingskriterium!

Nokre viktige moment som talar for at Trudvang er best:

Kortast mogleg skuleveg for flest mogleg av borna: både når det gjeld å gå på skulen, og å samlast på fritida

- Trafikksikker veg
- Å skilje små barn frå dei større borna (ungdomsskulen)
- Uteområde
- Ein trygg samlingsstad for born på fritida, i sentrum

Administrasjonen i Sogndal kommune ser så langt i prosessen ut til å vektleggje andre omsyn enn borna slik det går fram av bileta frå powerpointen over.

Investeringskostnader har vore oppe som tema, men dei er så usikre med stort slingringsmonn at dei neppe kan vere avgjerande. Uansett, med eit 40-50årsperspektiv bør driftskostnadene (inkl. bussing) vege meir enn investeringskostnadene.

Byggjeperioden kan vere eit argument mot Trudvang. Men samstundes vil byggjeperioden også vere ei utfordring på Kvåle, men då for ungdomsskuleelevane.

Eg trur at barneskule på Trudvang også er viktig for utviklinga av Sogndal som sentrum for alle oss som bur her.

Det var godt å høyre på møtet 15.02. at alle dei tre alternativa for plassering av barneskule vil gi gode løysingar. Så difor: Bruk dei mange gode innspela som er komne frå arktitektar og lekfolk til å gå vidare

med at den nye barneskulen skal vere på Trudvang, der skulen er i dag.

Med helsing

Tom Dybwad

Navarsetevegen 12

6856 Sogndal